

**FESTIVAL VOSS**  
**ÅRSRAPPORT 2009**

*"Festival Voss vart i 2007 etablert av dei fire største festivalane på Voss; Vossa Jazz, Ekstremsportveko, Voss Cup og Osafestivalen – alle særleine og veletablerte innan sitt felt.*

*Festivalane er på kvar si måte spydspissar for dei ulike miljøa og syner Voss fram som ei aktivitetsbygd med kultur- og naturbaserte opplevingar. Dei sterke og samansette opplevingane står og skal stå i fokus!*

*Målet til Festival Voss er å skapa eit tett samarbeid på tvers av festivalane på Voss der ein vil utnytte den tverrfaglege kompetansen til å heva standarden på administrative og marknadsføringstenester i tillegg til standardheving tilskipingsteknisk.*

*Gjennom hensiktsmessig samarbeid, og på sikt også samlokalisering, vil ein gjera dei einkilde festivalane mindre sårbare for sentrale utskiftingar i dugnadsorganisasjonen, sjukdom/ personellskifte i dei respektive administrasjonane. I tillegg vil ein kunna ha ein administrativ ressurs som kan assistera/ vera fødselshjelpar til nye/ ad hoc tilskipingar. Festival Voss vil vera eit kompetansesenter med ein breidde og samansetjing av kunnskapen som òg vil kunna nyttast i pedagogisk samanheng".*


## Status for Festival Voss pr.31.12.2009

Laget har i 2009 jobba allsidig med ulike prosjekt med målsetjing om å etablere laget som staden ein kan finne kompetanse utan omsyn til kva tilskiping det gjeld. Ein har fokusert på å gjere laget meir synleg i kommunen, og meiner ein langt på veg har lukkast med det.

Viktige milepælar i 2009 har vore at laget fekk tilsegn om kr. 800 000,- i tilskot frå Kommunal- og regionaldepartementet, at ein er godt i gang med eit langsiktig samarbeid med Høgskulen i Lillehammer om eit studietilbod på Voss (arrangementsleiing), og at laget er med i arbeidet med etablering av Voss Næringshage der kulturbasert reiseliv er ei av hovudsatsingane.

Me vil i det følgjande seie litt om kva me har jobba med i 2009 og korleis me ligg an i høve måloppnåingar.

08.april 2010



Annichen Rokne

Prosjektleder Festival Voss BA

## Innhald:

1. Administrasjon .....	4
2. Aktivitetar .....	5
3. Strategiarbeid.....	9
4. Marknadsføring.....	10
5. Økonomi .....	10
6. Finansiering .....	11
7. Fokusområde i 2010.....	13
8. Utfordringar .....	14

### 1. Administrasjon

### 1.1 Samlokalisering/kontorfellesskap

To av våre eigarfestivalar; Ekstremsportveko, Vossa Jazz sine tilsette er saman med Festival Voss sin administrasjon vel etablert i eit kontorfellesskap på torget i Voss sentrum.

Med felles kontorfasilitetar kan ein del kostnader delast, og med ei særskilt sentral plassering, er me lett tilgjengeleg for våre store organisasjonar av friviljuge.

Det er av uvurderleg tyding at dei i utgangspunktet små einingane i kvar festival, er ein del av eit større nettverk.

### 1.2 Styret

Styret i Festival Voss vart i 2009 styrka med to personar utanfrå eigarfestivalane; Anne Grethe Bakke/dagleg leiar i Destinasjon Voss og Oddvar Jansen frå Freestyle VM2013 AS. Sistnemnde har vore leiar i styret det siste året. Det har vore viktig med nye vinklar i strategien med å verte tydelegare utad, og i høve å verte oppfatta som eit kompetansesenter/nettverk òg for andre tilskiparar.

### 1.3 System

I kontorfellesskapet har me implementert felles datasystem med felles server der ein kan samla dokument i felles arkiv, ha felles kalender etc.

Me har utvikla malar for prosjektbudsjettering, prosjekttilbod, prosjektrapportering, fakturering etc

Lister over tilgjengelig utstyr utviklast og ein jobbar for gode avtaler for tilskiparar.

### 1.4 Tilsette

Me har pr.01.01.10 3 tilsette i totalt 2 årsverk; 1 dagleg leiar/prosjektleiar, 1 prosjektleiar/-medarbeidar og 1 skribent. Sistnemnde vart tilsett for å styrke kompetansen på marknadskommunikasjon (sjå òg punkt om marknadsføring). Med fokus på å få leigd ut tilsette i prosjekt, er me pr.1.mars 2010 i den situasjon at me har utleigd meir arbeidskraft enn me eigentleg rår over og er på leit etter fleire medarbeidarar.

Våre tilsette har i sjukdoms- og ferieperiodar hatt ein backup-funksjon for festivalane i kontorfellesskapet der telefon og e-post enkelt kan svarast eller samlast opp.

Dei tilsette i Festival Voss og i dei ulike festivalane har òg jobba i kvarandre sine tilskipingar, og drege mykje røynsle og lærdom av dette.

## 2. Aktivitetar:

Me vil nedanfor liste opp prosjekt me har vore engasjert i i 2009. Me vel å skildre nokre av dei meir utfyllande.

Prosjekt	Tidsperiode	Målsetjing	Status	Merknad
Enkel rekneskapsføring	2009/2010	Hjelp til små lag	Avslutta	Timeløna arbeid
Søknadsarbeid	Kontinuerleg	Skaffe midlar til festivalar/prosjekt	Pågåande	Provisjons- eller timeløna arbeid
WC freestyle 2009, sjå pkt.2.1	Oktober 08 – mars 09	Leie gjennomføringa av eit godt mesterskap. Danne grunnlag for arbeid med VM2013	Avslutta	Prosjektleiing
Sommarleik, konserter på torget kvar laurdag, sjå pkt.2.2	Sommar 09	Skape aktivitet i Voss sentrum i dei stille sommarmånadane	Avslutta	Prosjektleiing. Samarbeid med handelsforeininga Voss sentrum, kafèer, Voss Viseklubb
Filmprosjekt	Heile året	Lage ein film som viser Voss som festivalstad	I sluttfasen	Prosjektleiing
Turistfilm	Heile året	Bidra med idear til innhald i kommunen sin eigen turistfilmproduksjon	Uvisst.	Deltaking
Krossoverarr. Voss Cup	Juni	Visa Voss som stad for dei sterke og samansette opplevingane gjennom å miksa uttrykk. Sjå pkt.2.3	Avslutta	Prosjektleiing
Voss Camp, sjå pkt.2.7	Juni/juli	Festivalcamp i samband med Ekstremsportveko	Avslutta	Prosjektleiing
Smalahovesleppet	September	Dekor av festivalteltet.	Avslutta	Oppdrag frå handelsforeininga Voss sentrum
Forprosjekt studie arr.leiing, sjå pkt. 2.4	Haust 09	Samarbeid med Høgskulen i Lillehammer om	Forprosjekt i sluttfasen.	Deltaking

		studietilbod		
Krossoverarr. Osafestivalen	Oktober	Visa Voss som stad for dei sterke og samansette opplevingane gjennom å miksa uttrykk, sjå pkt.2.3.	Avslutta	Koordinator
Kickoff VM2013, sjå pkt 2.1	November	Engasjere friviljuge, publikum og presse til VM i freestyle 2013	Avslutta	Koordinator
Forprosjekt og prosjekt Vossaleik, sjå pkt. 2.5	September 09 – januar 10	Skipa til arr. for studentar	Avslutta Starta for 2011	Prosjektleiing
Ekstremjazz 2010, krossoverarr. Vossa Jazz	September 09 – mars 10	Visa Voss som stad for dei sterke og samansette opplevingane gjennom å miksa uttrykk, sjå pkt.2.3.	Pågåande	Prosjektleiing
Horgi Opp	Oktober 09 – april 10	Sponsorarbeid	Pågåande	
Vossameny, sjå pkt. 2.6	Desember 09 – mai 10	Kartlegging av tilbod frå lokale produsentar til festivaler	Pågåande	Prosjektleiing

## 2.1 WC i freestyle 2009 og kickoff VM2013

Arbeidet med dette har ført til at Festival Voss har vorte engasjert i ei 50% stilling frå mars-10 og ut året for VM2013-organisasjonen. Vår prosjektleiing, Kristin Lemme, tek ansvaret for dette, men vil ha alle dei tilsette samt resten av organisasjonen å spele på. Ho har permisjon frå Festival Voss for å jobba for Noregs Skiforbund frå mars-juni i år for å skaffa ytterlegare kompetanse.

## 2.2 Sommarleik

Dette samarbeidet førast vidare i år under namnet Vossaspel. Medan me i fjor var med å dekke kostnader med dette, vil me i år berre bidra med prosjektleiinga. Dette er eit initiativ me vonar dei andre involverte vil ta vidare sjølv frå neste år. Me vil då ikkje vere direkte engasjert, men mal for planlegging, budsjettering og gjennomføring skal bli skriven ned og overlevert

frå Festival Voss. Me vil sjølvsagt vere tilgjengeleg for hjelp til ymse dersom det er trong til det.

### **2.3 Visa Voss som stad for dei sterke og samansette opplevingane gjennom å miksa uttrykk.**

Dette er ein av dei målsetjingane som er mest tydeleg formulert i Festival Voss sine dokument. Me meiner at det er med slike oppsetjingar me verkeleg syner kva Vossingane kan få til. På Voss kan ein alltid verte overraska, på Voss får ein sjå noko nytt, og for oss er det avgjerande å kunne leggje til rette for slik innovasjon.

For å få gjennomført slike krossovertilskippingar har dei ulike festivalane teke eit stort ansvar. Alle desse tilskippingane var i fjor gratis for publikum, naudsynt for å få fram til så mange som mogleg at ein opplever det innovative på Voss.

I ei overleggjande marknadsføring av Voss som festivalstad er dette av stor tyding.

### **2.4 Forprosjekt studietilbod i samarbeid med HiL.**

#### Bakgrunn:

I samband med vår målsetjing om å verte eit nasjonalt kompetansesenter, tok me kontakt med Høgskulen i Lillehammer med tanke på eit samarbeid.

Høgskulen i Lillehammer, avdeling reiseliv, har eit omdøme som den beste faglege utdanninga innan reiseliv i landet. Våre festivalar er kjende i fagmiljøet innan reiselivsbransjen som framifrå dømer på vellukka tilskippingar. Festival Voss er òg vorte kjend som organisasjon og vert stadig nemnd som døme på kva samarbeid kan gje framfor konkurranse mellom festivalane. Me var fyrst ute med ein felles organisering og får brei merksemd kring det.

Innleiande møter synte at me har grunnlag for eit gjensidig samarbeid.

#### Forprosjekt:

Me har fullført eit forprosjekt, og har no inne søknader om tilskot til dette arbeidet i våre kommunar; Voss og Lillehammer. Det er viktig å kunne syne lokal interesse og forankring når me i neste omgang skal søkje finansiering til sjølve hovudprosjektet frå Noregsuniversitetet, regionale og nasjonale mynde som tillegg til studieavgifta. Etter 6 månader ventar me framleis på svar på søknaden.

Det var vår intensjon å få dette tilbodet på plass allereie frå hausten-10, men grunna lang handsamingstid ser det no ut til at me må utsetje oppstart.

Studietilbudet, eit årsstudium, evt. deltidstudium over 2 år i arrangementsleiing, vil gje 60 studiepoeng og er planlagd som eit vidareutdanningstilbod for målgruppene: festivalleiarar, funksjonærar, tilsette med arbeidsområde knytt til større og mindre tilskipingar i kommunal, fylkeskommunal eller privat sektor eller lærarar med fagområde knytt til dette.

#### Føremonar:

For Festival Voss tyder det at ein stilling kan verte delfinansiert, for våre festivalar tyder det at dei kan laga "case-oppgåver" som kan gje løysingar som òg kan nyttast i praksis. For Ole Bull Akademiet tyder det at dei kan fylle opp huset i stille periodar, og generelt tyder det at Voss får merksemd kring tilskipingar på nye måtar.

Samarbeidet allereie utløyst fleire forskingsprosjekt som både høgskulen og festivalane / Festival Voss kan dra nytte av.

Som nemnd ovanfor er det å få etablert Festival Voss som eit nasjonalt kompetansesenter for større tilskipingar ei av målsetjingane til laget. Det var likevel ikkje tenkt at dette skulle vere eit av hovudfokusområda før om eit par år. Det er difor gledeleg at Festival Voss allereie har fått eit slikt omdøme at dette kan verte ein realitet tidlegare enn planlagd.

## **2.5 Vossaleik**

Dette er eit prosjekt i samarbeid med Voss Resort der målet er å auke talet på gjestar i vekedagar i stille periodar.

Studentar er målgruppa og i tillegg til skiaktivitetar kan dei vitjande òg tinge meir adrenalinfylte aktivitetar som til dømes kiting, fallskjermhopping, paragliderflyving, fosseklatring, toppturar, snowracer, airboard, frikøyting og speedflyving.

Me prøver her å lage til eit tilbod som er heilt etter reiselivstrategien der fokus på nettopp adrenalinfylte aktivitetar og sterke opplevingar står i framsetet.

Årets tilskiping vert diverre avlyst grunna lite påmelding, men ein har ein god idè om kvifor det vart slik, og vel difor å vidareføre prosjektet til neste år med naudsynte endringar.

## **2.6 Vossameny forprosjekt**

#### Bakgrunn:

Dette er eit særskilt spennande prosjekt! Hordaland Fylkeskommune har gitt tilsegn om kr. 50 000,- til kartlegging av festivalane sine behov kontra kva dei ulike lokale leverandørane kan tilby.



Dei fleste festivalane er medvita i å kunne by sine gjestar økologisk og/eller lokalprodusert mat (kortreist). Det kan imidlertid vere vanskeleg og tidkrevjande å få ei oversyn over dei ulike tilboda ein har lokalt.

Målsetjing:

Det er eit mål å kartleggje kva-kvar-kven, for så å kunne lage eit opplegg for festivalcatering. Dette er eit typisk døme på at festivalane kan danne grunlag for næringsutvikling. Sjå òg om etablering av Voss Næringshage (VHN) som me skildrar meir detaljert under punktet "Strategiarbeid"

## 2.7 Voss Camp

I perioden 21.-28. juni 2009 gjennomførte Festival Voss (FV) camp under Ekstremспортveko. Denne heldt til på Bømoen på Voss, og var ein del av arbeidet med å bygga opp ein mal for festivalcamping.

Voss Camp vart gjennomført som eit prosjekt der prosjektleiinga frå FV sto for leige av areal av forsvaret, naudsynte løyve, informasjon til deltakarar, oppmerking av området, vakthald, organisering av friviljuge, koordinering av transport til/frå festivalområdet/sporttsarenaer med meir.

Voss Camp vart godt gjennomført med om lag 300 besøkande.

Me gjennomførte evaluering i ettertid, og fann konstruktive forbetringspotensiale til Ekstremспортveko Camp 2010! Det er òg eit mål at opplegget kan kopierast til andre tilskipingar.

## 3. Strategiarbeid

### 3.1 Destinasjon Voss

Samarbeidet med Destinasjon Voss har vorte stadig tettare, og me er i dialog for samordning av oppgåver.

### 3.2 Voss kommune

Samarbeidet med Voss kommune har vorte stadig tettare. Fleire møte har vore gjennomført med kommunerepresentantar frå både politisk og administrativt hald. Me har særskilt god kontakt/dialog/samarbeid med næringsavdelinga i Voss kommune.

### 3.3 NCE

Festival Voss vart tidleg med som partner i søknadsarbeidet for å få FjordNorge som Norwegian Center of Expertise. Festivalar og tilskipingar er viktig i marknadsføringa av FjordNorge og det er ynskjeleg at Festival Voss kan ha ei framtrédande rolle i denne settinga.

### 3.4 Voss Næringshage

Destinasjon Voss, Vossameny og Festival Voss er nye partnerar i etableringa av Voss Næringshage. Ei så god og brei samansett kompetanse kan danne eit godt miljø for etablerarar i ei spissa næringshage der satsingsområde er kultur og naturbasert næringsutvikling. Område der ein saknar profesjonelle tilbod i dei ulike tilskipingane, kan gje driftsgrunnlag for ei eller fleire nye bedriftssatsingar.

## 4. Marknadsføring

Me vert stadig kontakta i samband med ymse tilskipingar for reiselivet der me er ynskt som føredragshaldarar, noko me gjerne stiller opp på.

Våre festivalleiarar er òg mykje ynskt som føredragshaldarar i ulike fora, og dei er alle medvitne om å understreke festivalen sine målsetjingar og forventingar i høve etableringa av Festival Voss.

Vår nyttilsette skribent har hovudfokus på å jobba for redaksjonell omtale av alt som skjer på Voss. Ho har ansvar for oppdatering av kulturkalendaren på [visitvoss.no](http://visitvoss.no). Denne nettsida vert driven av Destinasjon Voss, men Festival Voss valde tidleg å leggje sin info ut her framfor å nytte ressursar på endå ei nettside.

## 5. Økonomi

Me er no inne i det siste året av etableringa og som me skreiv innleiingsvis har me i 2009 vore særst opptekne av å delta i prosjekt som har gjeve oss inntekter.

Det er utfordrande å selje tenester til kulturtilskiparar av di arbeidet tradisjonelt har vore baserte på dugnad/få overarbeidde tilsette, og det er utfordrande då og prisa seg rett. Tilskipingar som er årvisse har likevel nokre tenester som er sett ut til kommersielle aktørar, og dei ser at det på sikt vil løna seg å samla desse tenestene i Festival Voss. Både kompetansen og innteninga vert då verande på Voss.

Me har òg seld våre tenester til næringslivet i nokon grad, men òg der er det ei forventning om at kulturoperatørar kan leve av idealisme. Me ser likevel at di meir synlege me vert, di meir vilje er det blant ulike aktørar til å nytte den lokale kompetansen.

Trass utfordringar, har me likevel ei positiv utvikling på inntektssida og ligg føre budsjett når det gjeld egne inntekter. Utfordringa vidare vert å sikra ei grunnfinansiering (slik til dømes bidrag frå Destinasjon Voss og egne medlemmar var tenkt), slik at me kan administrera den hjelpa til tilskiparne me faktisk ser det er trong til.

Som rekneskapan syner, har våre driftskostnader vore totalt kr. 987 788,-

I tillegg til dette kjem ein monaleg eigeninnsats, der kvar festival har nytta store ressursar inn i einskildprosjekt.

## 6. Finansiering

Finansieringa av Festival Voss sin etablering er nokolunde i høve den opphavelige planen. Totalt er summene dei same, men eigeninnsatsen var vorte monaleg auka då offentleg stønad ikkje heilt har vore som føresatt.

Den opphavelige finansieringsplanen vert laga for ei treårig etablering og så slik ut då me sendte søknader om offentleg stønad:

Finansiering	2008	2009	2010	Merknad
Statlege tilskot (Komm.dept.)	300 000	500 000	500 000	3-årig prosjektstøtte
Hordaland Fylkeskommune (tilskot)	100 000	250 000	250 000	3-årig prosjektstøtte
Voss Kommune (tilskot)	150 000	150 000	150 000	3-årig prosjektstøtte
Innovasjon Norge (tilskot)	100 000	250 000	250 000	3-årig prosjektstøtte
Omsetjingsavg./fellesgode tiltak	200000	250000	250000	Destinasjon Voss
Eigeninnsats	450000	100000	100000	Startstønad frå Voss kommune, eigeninnsats
<b>Sum 3-årig prosjektfinansiering</b>	<b>1 300 000</b>	<b>1 500 000</b>	<b>1 500 000</b>	

Før ein starta det omfattande arbeidet med søknader i større skala, fekk me stønad frå Voss kommune på kr.500 000,- i 2007. Ein har ovanfor vald å kalle denne stønaden startstønad. Søknaden vart sett opp med ynskje om treårig stønad på kr.500 000,- for kvart av åra 2007, 2008, 2009. Då me fekk tilsegnet, var det berre for det fyrste året, Kraftfondet ville ikkje binde det komande styret (val i 2007). Me vart oppfordra til å kome med ny søknad for 2008 og 2009. Me så gjorde, men fekk avslag grunna manglande ressursar.

Vår fyrste søknad om statlege midlar gjekk til Kyrkje- og Kulturdepartementet som sendte oss vidare til Kommunal- og regionaldepartementet. Her fekk me etter ei svært lang handsamingstid oppfordring om å endre søknaden til å gjelde eittårig stønad, og me fekk i 2009 tilsegn om kr.800 000,- av statsråd Kleppa då ho vitja Voss.

Destinasjon Voss skreiv ei tilråding til våre søknader, men har sjølv ikkje kunne innfri forventinga om årlege bidrag slik det tidleg vart skildra i målsetjingane til Destinasjon Voss. Dette fordi dei fyrst må sikre at næringsliv og kommune vert med som bidragsytarar til deira arbeid før ein kan jobba med fellesgodetiltak.

Målsetjingane til Festival Voss har likevel stått uendra, trass i at ikkje finansieringa har vore oppnådd slik det var tenkt. Eigeninnsatsen har utlikna det me ikkje har oppnådd av midlar frå offentlege mynde. Me har òg fått gåver frå mellom anna Voss

Sparebank, Sparebanken Vest samt mindre prosjektstønning frå til dømes næringsfondet Vik-Voss.

Det er viktig for Festival Voss at arbeidet vidareførast sjølv om etableringsfasen no ligg an til å verte drege ut over den opphavslege 3-årige planen. Me arbeidar aktivt for å etablere samarbeid med ulike aktørar der ein kan samla økonomiske rammer og ha dei overordna oppgåvene i fokus.

## **7. Fokusområde i 2010**

**Festival Voss har følgjande målsetjingar for året:**

- **Festival Voss skal bli meir synleg for idrettslag, tilskiparar av ulike arrangement, kommersielle kundar og blant folk flest i Voss kommune og i nabokommunane.**
- **Lage modell for medlemskap og skaffe laget mange medlemmer.**

- **Kvalitetssikre driftsforma til laget slik at laget kan utvikle seg vidare til eit breitt kompetanseteam.**
- **Forhandle fram gode innkjøpsavtaler for lagets medlemmer.**
- **Systematisere arrangørsamlingane som me starta i 2009. Lage eit nettverk for arrangørar og medlemmar der ein har fokus på utveksling av røynsler, informasjon og tips til gjennomføring.**
- **Utarbeide ABC'en for tilskipparar (lage enkle malar for mellom anna førebuingar, gjennomføring, evaluering og rapportering).**
- **Utvikle eit nærare og meir forpliktande samarbeid med andre aktørar som m.a. Destinasjon Voss og Voss i Sentrum.**
- **Etablere studietilbod i arrangementsleiing.**
- **Leie og delta i nye og spennande crossover-arrangement som gjer at kompetansen i Festival Voss kan utviklast.**

## **8. utfordringar**

Det er svært gledeleg at det er mange rundt oss som har ei forventning om at Festival Voss skal ha ei overordna rolle for kulturtilskipingar på Voss.

Lokale kulturaktørar ser på oss som ei røyst ovanfor offentlege mynde og kommersielle aktørar, og som eit organ der ein kan få hjelp til små og store oppgåver ein tilskipar har trong til.

Med store tilskipingar planlagd på Voss i mange år framover, er me i Festival Voss viss på at det er trong til ein organisasjon som vår. Me ser klart at det er trong til eit organ som kan sikre at den breie og makelause kompetansen frå alle dei særprega tilskipingane i bygda vert verande i bygda og tilgjengeleg for nye tilskipingar.

Vår største utfordring er å sikre ei grunnfinansiering av laget. Me må syne løyvande mynde, samt gamle og nye samarbeidspartnarar frå eit breitt lag av både næringslivet og kulturlivet på Voss, at ein samordning av kompetanse frå og for kulturtilskipingar er ei investering som vil gje attende auka inntekter i kommunen og framleis store opplevingar i framtida.